

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund - Adm. bygg Ålesund Sykehus

Dato: 17.06.2024

Tidspunkt: 10:00 – 14:45

Til stades:

Namn

1. Paula Næss Skår	Leiar
2. Janne Remøy Endresen	Nestleiar
3. Kai Knutsen Sivertsen	Medlem
4. Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
5. Atle Tangen	Medlem
6. Bjørn Aske	Medlem
7. Oddrun Annie Stensø Nasvik	Medlem
8. Evy Svanemslis	Medlem
9. Brit Harsem	Medlem
10. Liv Johanne Ekornes	1.vara møtte for Per Sigbjørn Øvermo

Ikkje møtt:

Namn

Per Sigbjørn Øvermo	Medlem
---------------------	--------

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand	Stilling Sekretær i Brukarutvalet HMR
---------------------	--

Merknad i møte:

Oddrun Annie Stensø Nasvik fekk permisjon frå kl. 14:00 grunna anna møte.

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
31/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
32/24	Referatsaker
33/24	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
34/24	Oppnemning til råd og utval
35/24	Presentasjon av økonomidirektør i Helse Møre og Romsdal
36/24	Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal
37/24	Status AIO - Akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund Sjukehus
38/24	Tilbod rusbehandling i Helse Møre og Romsdal
39/24	Høringsuttale - Ny samarbeidsavtale mellom kommunar og Helse Møre og Romsdal
40/24	Eventuelt

31/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 31/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Brukarrepresentant frå Kreftforeininga melder inn to saker til eventuelt. Saksgrunnlag er sendt sekretær som sender dette vidare til medlemmane i brukarutvalet.

1. Underernæring av kreftpasientar på sjukehus
2. Pakkeforløp heim etter kreftbehandling på sjukehus

Anna sak til eventuelt: Seminar for Brukarutvalet HMR hausten 2024

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

32/24 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 32/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

1. Uttale frå BU-ene i HMN om rehabilitering – datert 11. april 2024
2. Svar frå HMN på uttale frå BU-ene ang. rehabilitering - datert 10. mai 2024
3. Møteprotokoll Styremøte HMR - 22.05.2024
4. Protokoll Brukarutvalet i Sykehusapotekene 22.04.2024
5. Protokoll Brukerutvalget Helse Nord-Trøndelag - 14.05.2024
6. Protokoll Brukerutvalget St. Olavs hospital - 22.05.2024

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

33/24 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 33/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Munnleg orientering om råd og utval som brukarane har delteke i sidan førre møte i brukarutvalet.

Medlemmane i brukarutvalet HMR ber om at det kjem ut meir informasjon til innbyggjarane om SNR Sjukehuset Nordmøre og Romsdal og tilboda som vert der. Det meldast om mykje negativ omtale i media som kan skape frykt. Viktig at alle dei positive sidene med SNR kjem fram.

Dette vil og bli meldt inn til Brukarutvalet for SNR.

Vedtak

Ingen vedtak

34/24 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 34/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Spørsmål frå Heidi Engelkor, Senterkoordinator Vardesenteret Helse Møre og Romsdal HF:

"Som ledd i utviklingen av Vardesenteret HMR ønsker vi å etablere et kvalitetsregister og forskningsregister for de pasientene som er på poliklinikk for seineffekter. Poliklinikken vil bli en del av det nye Vardesenteret fra det åpner over nyttår. veldig kort så tror vi det vil ha stor verdi å kunne samle inn data fra pasientene med samtykke slik at det er mulig å drive forskning. I etableringen av et slikt kvalitetsregister skal det dannes et fagråd hvor både fagmiljøet og pasientgruppen er representert. Det søkes en brukerrepresentant som kan delta i et slikt fagråd. Rammene for dette er foreløpig ikke satt da vi er helt i starten av etableringen, men det kommer mer informasjon om dette etter hvert"

Vedtak

Brukarrepresentant Bjørn Aske frå Kreftforeningen veljast inn som representant frå Brukarutvalet HMR til fagråd i Kvalitetsregisteret for Vardesenteret.

Brukarrepresentant Atle Tangen frå FFO veljast inn som vara.

Sekretær melder dette inn til senterkoordinator for Vardesenteret Helse Møre og Romsdal HF, Heidi Engelkor.

35/24 Presentasjon av økonomidirektør i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 35/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Presentasjon av ny økonomidirektør for Helse Møre og Romsdal, Randi Myhre. Ho gav brukarane ein kort statusrapport av økonomi for mai 2024.

Vedtak

1. Brukarutvalet HMR aksepterer ikkje at ekstra kostnader med igangsetting/drift av Helseplattformen skal gå ut over pasientbehandlinga, med redusert aktivitet og økte ventetider, samt reduksjon i kjøp av nødvendig materiell og utstyr. Ekstrakostnadene påført HMR må i sin helhet dekkes av HMN RHF.
2. Brukarutvalet HMR viser til styresak 54/24: *Plan for nødvendig omstilling i Helse Møre og Romsdal*. Omstillinga må ikkje gå ut over pasientbehandlinga med redusert aktivitet og økte ventetider.
3. Innføring av Helseplattformen i HMR har vore arbeidskrevjande og bydd på store utfordringar og blei langt dyrare enn kva som først var estimert. Med hovudfokus på pasientsikkerhet og personvern blei Helseplattformen innført i HMR den 27. april, i tråd med styrevedtak i HMN

36/24 Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 36/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk ein status rundt innføringa av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal frå direktør for E-helse og teknologi Helge Storøy.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa rundt Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal til vitende.

Gjennomgåande positive brukarerfaringar frå dei største brukarorganisasjonane rundt HelsaMI

37/24 Status AIO - Akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund Sjukehus

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 37/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Presentasjon av overordna status nybygg AIO frå prosjektleder Frode Longva Hansen og prosjektkoordinator Kristin Velle Flem.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status AIO - akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund Sjukehus til vitende og ønsker dei tilbake med meir informasjon om utviklinga i prosjektet hausten 2024.

38/24 Tilbod rusbehandling i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 38/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Presentasjon frå avdelingssjef på klinikk for psykisk helse og rus Kari Marie Remøy Nesseth.

«Tverrfaglig spesialisert behandling av ruslidelser (TSB) er betegnelsen på behandling av rus- og avhengighetsbehandling på spesialistnivå. Behandlingen er et samarbeid mellom den rusavhengige og personer med medisinsk, psykologisk og sosialfaglig kompetanse»

Avdeling TSB i Helse Møre og Romsdal tilbyr utredning, behandling og oppfølging til rus- og spillavhengige over 18 år. Viktige samarbeidspartnarar er: Familie/pårørande, kommune, NAV, psykiatrien, fastlege, politi, spesialisthelsetenesta generelt og høgskulane.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orientering om tilbod rusbehandling i Helse Møre og Romsdal til vitende.

39/24 Høringsuttale - Ny samarbeidsavtale mellom kommunar og Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 39/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Samarbeidsavtalen har vore gjennom ny revisjon og har blitt sendt ut på høyring. Høyringsperiode: 13.3 – 23.6.2024. Samarbeidsavtalen vil ha verknad frå 1.1.2025 og vil erstatte gjeldande samarbeidsavtale under forutsetning av at avtalen blir vedtatt av kommunestyra og i styret for helseføretaket.

Leiar i brukarutvalet, Paula Næss Skår, gjorde rede for vedlagt høyringsuttale.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til vedlagte høyringsuttale til ny samarbeidsavtale mellom kommunar og Helse Møre og Romsdal. Sekretær i brukarutvalet oversender høyringsuttale i følge avtale innan fristen 23.06.2024.

40/24 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 40/2024 i møte den 17.06.2024

Behandling

Følgjande to saker blei meldt inn frå Kreftforeningen med ønskje om at dette vert tatt opp i løpet av hausten.

1. Underernæring av kreftpasientar på sjukehus
2. Pakkeforløp heim etter kreftbehandling på sjukehus

Leiar i Brukarutvalet ba brukarane merke seg det planlagde BU-seminaret den 26. september 2024. Invitasjon vert sendt ut til brukarorganisasjonane i juli.

Meldte saker til hausten 2024: 1. Medikamentmangel, 2. Parkeringshus og betalingsordning.

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal ber om at sekretær sender dei to sakane til administrasjonen og ber om ei orientering frå avdeling for Kreft og rehabilitering hausten 2024 om korleis desse emna vert handsama